
Saksnr: 2021/2703-1
Saksbehandlar: Jostein Hausevik
Fjærestad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

Byggestart ny vidaregåande skule i Førde

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune godkjenner forprosjekt og byggestart for eit nytt og samla opplærings- og kompetansesenter i Førde med ei samla kostnadsramme på 816,3 mill. kroner inkl. mva. 43 mill. kr var innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2020 og er påløpt, medan restkostnaden på 773,3 mill. kr. er lagt inn i vedteke investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2021-2024.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre administrativ samanslåing av Mo og Øyrane vgs. og Hafstad vgs. før skulane er samlokaliserte

Samandrag

Med bakgrunn i godkjent rom- og funksjonsprogram frå fylkestinget i Sogn og Fjordane (jf sak 16/19) som samlar dagens vidaregåande skular i Førde, har det vore gjennomført ein pris- og designkonkurranse for eit nytt opplærings- og kompetansesenter med ein ny tanntklinikk.

Samarbeidspart er vald og samspillfase er ferdig som grunnlag for gjennomføringsfasen.

Forhandlingar om ein utbyggingsavtale mellom fylkeskommunen, Sunnfjord kommune og ein privat utbyggjar der partane skal betale anleggsbidrag til Sunnfjord kommune, er i sluttfasen. Arbeid og kostnader i denne avtalen er innarbeidd i budsjett.

Byggestart er planlagt medio 2021 med ferdigstilling 2023.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

1. Oversikt
2. Utomhusplan
3. Fasadar

4. 0. Etasje
5. Plan 01
6. Plan 02
7. Plan 03
8. Snitt
9. Plankart Indre Øyrane

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde har som mål å samle dagens vidaregåande skular i Førde på ein stad. Forutan dei naturlege driftsmessige føremonene, har fokuset vore knytt til dei positive verknadane for ungdomsmiljøet, samling av det pedagogiske personalet, auke kvaliteten på opplæringa, samt det å få styrka støttefunksjonar og elevtenester i skulen. Den planlagde skulen inneheld og ein stor idrettshall (ei speleflate for handball). I tillegg skal det etablerast ein tannklinikk med 11 behandlingsrom i tilknytning til skulen.

Mo og Øyrane vgs som er bygd på 90-talet, ligg på Indre Øyrane i Sunnfjord kommune. Det er denne skulen som skal byggast om og utvidast til å romme både studiespesialiserte og yrkesfagleg studieretning. Elevar på noverande Hafstad vgs skal flyttast over når anlegget er ferdig.

Pris- og designkonkurranse og samspelsprosess

Pris- og designkonkurranse for Førde vgs blei utlyst i mai 2019, og det kom inn 4 tilbod i januar 2020.

Deltakande entreprenørar var:

- Veidekke as
- Åsen & Øverlid as
- OBAS Vest as
- Consto Bergen as

Consto Bergen as blei kåra som vinnar av konkurransen 25.02.2020.

Samspelsprosess med brukarar varte frå april 2020 til januar 2021. Det var omlag 15 forskjellige brukargrupper involvert, inklusive rettleiingstenesta. I denne fasen er prosjektet avstemt og søkt optimalisert i høve grunnlaget i rom- og funksjonsprogrammet samstundes som det er gjennomgått og kontrollert opp mot den kvalitet og dei økonomiske rammene som ligg til grunn.

Endeleg forprosjekt blei levert ultimo 2020. Ved positivt vedtak i denne saka vil entreprenørteamet gå i gang med detaljprosjektering og gjere klart til byggjeart medio 2021.

Det har undervegs vore eit godt samarbeid med Sunnfjord kommune om mellom anna idrettshallen. Høgda i hallen er t.d. auka frå 7m til 9m slik at hallen kan nyttast til internasjonale kampar på høgt nivå for volleyball. Tribunekapasitet er i utgangspunktet planlagt for 1000 personar, men 445 av desse plassane er ein opsjon som førebels ikkje er tinga.

Utomhus har det og vore samarbeidd godt med ei felles målsetning om å skapa ein folkepark aust for skulen. Planen er at denne både kan tene skulen, framtidig barnehage, naboar og elles innbyggjarane i Førde.

Gjennomføring av byggeprosjektet

Prosjektet vil bli gjennomført i ein totalentreprise med Consto Bergen as.

Grovt skissert er framdrifta no skissert slik:

- Prosjektet må fyrst etablere midlertidige lokale for TIP før riving av, delar av eksisterande bygg C og bygg D kan starte.
- Bygg F vert demontert og flytt til skulen si avdeling på Mo. Her vert det gjenbruk i anna prosjekt for fylkeskommunen.
- Deretter startar bygging av nybygg for TIP/BA og idrett.
- Areal til TIP/BA vert ferdig fyrst og deretter fleirbrukshallen.
- Ombygging og tilpassing i bygg B og bygg A er siste byggesteg i skulen
- Til sist vert tannklinikk i bygg E bygd om.

Gjennomføring av ein slik prosess med flytting av elevar og etablering av midlertidige løysingar i periodar krev eit godt samarbeid med skulen. Hovudprinsipp for dette arbeidet er lagt inn i planane, men det står att ein del detaljplanar som må vera klar før byggestart.

Samanslåing av dei vidaregåande skulane

Som del av etableringa av den nye vidaregåande skulen i Førde, vil Hafstad vgs og Mo- og Øyrane vgs. bli slått saman til ei ny eining. Samanslåinga krev samordning av mange område bl.a. organisasjonsstruktur, administrative oppgåver, personalforvaltning, elevtilbodet og felles rutinar på mange områder. For å sikre ei god gjennomføring av samanslåingsprosessen, og legge til rette for eit godt arbeids- og læringsmiljø frå oppstart, er det føremålstenleg å gjennomføre den administrative samanslåinga av dei 2 skulane før sjølve samlokaliseringa.

Med omsyn til det endelege namnevalet på skulen vil fylkesrådmannen komme tilbake med eiga sak på dette.

Områdeplan og regulering

Sunnfjord kommune har sidan 2016 arbeidd med ein områdeplan for Indre Øyrane. Planen har som mål å utvida Førde sentrum nordover. Området er planlagt for næring, bustader, barnehage, vidaregåande skule og bygg med areal til offentlege formål. Planen skal leggje til rette for ei urban og tett utnytting med betre tilhøve for trafikk og miljø og med eit parkområde som alle kan nytta.

Områdeplanen krev at det vert utarbeidd ein detaljert reguleringsplan som er del av arbeidet til totalentreprenøren. Det er gjeve løyve frå Sunnfjord kommune om parallell handsaming av reguleringsplan og søknad om rammeløyve noko som sikrar igangsetjingsløyve før sommaren -21.


Områdeplanen krev og at det vert inngått ein utbyggingsavtale for å støtte rekkefølgjekrava til prosjektet. For skuleprosjektet er det utarbeidd eit framlegg til avtale mellom Sunnfjord kommune, privat utbyggjar av bustader nord for skuletomten og Vestland fk. Avtalen er ikkje endeleg akseptert av partane, men tingingar så langt har resultert i at fylkeskommunen sin del blir på 25 - 30 mill. kr eks mva. Inkludert i dette er også noko tomtekjøp. Desse kostnadane er innarbeid i budsjettet, og det dekkjer alle våre forpliktingar i samband med områdeplanen. Deler av tiltaka skal etablerast av totalentreprenør som fylkeskommunen inngår avtale med.

Ny vgs i Førde (illustrasjon)



Bilde over syner ein illustrasjon over det ferdige anlegget. Skulen er planlagt med 4 hovudbasar rundt «Hjartet i skulen» og har følgjande hovudfunksjonar:

«Hjartet i skulen» (plan 1 og 2):




Hjarte i skulen ligge nær alle hovudingangar og skal vere senter for orientering og kommunikasjon i plan 1 og 2. Hjarte i skulen signalisere openheit og legge til rette for samarbeid mellom lærarar og elevar og samhandling mellom grupper av elevar. I dette området er det kantine, vrimleareal med sosiale møteplassar og område for kulturformidling (utstilling). Det er direkte tilgang til servicesenter/ resepsjon, kantine, bibliotek, samlingsrom mv.

Base 1, Studieførebuingbasen (plan 1 og 2):




Basen i plan 1 og 2 inneheld utdanningsprogramma for media og kommunikasjon, kunst, design og arkitektur, fellesrom for studiespesialisering og arbeids- og kvardagstrening. Media og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur er plassert med tilknytning til bibliotek og vil vere ein ressurs for basen og eit viktig tilskot til utvikling av det sentrale hjartet i skulen. Plassering av studieførebuingbasen på østsida av eksisterande hovudbygning vil skape ein trafikkstraum mellom basane gjennom hjartet i skulen. Løysinga vil legge til rette for integrasjon mot eksisterande skule og utvikling av ein felles skulekultur.

Base 2, Helsebasen (plan 1, 2 og 3):



Eksisterende blokk A og B vert base for helse og oppvekst, restaurant og matfag, og service og samferdsle slik det er i dag. På helse og oppvekst er det føresett noko ombygging for etablering av grupperom og for å styrke praksislæringa. Det er teke med litt ombygging for etablering av grupperom på service og samferdsle og noko ombygging for pauserom, bygningsdrift og lærarkontor.

Base 3, Teknologibasen (plan 1 og 2):




For styrke fagmiljøet og auke rekrutteringa til real- og teknologifaga er avdeling for bygg, TIP, elektro og spesialrom for realfag, naturfag og teknologi samla i base nord, Teknologibasen. Basen vert etablert ved å bygge saman eksisterande avdelingar for bygg og TIP med nybygg som inneheld teorirom, gruppe- og samtalerom, spesialrom, lab-rom, teknologihall med verkstadar og prosjektrum. For å auke fleksibiliteten mellom avdelingane skal teknologihallen utformast som ein generell hall på 680 m² med høgde tilsvarande 2 etasjar.

Hallen etablerer moglegheiter for tverrfagleg undervisning, gjennomføring av undervisning med stor fagleg bredde på vg1, styrking av praksislæring på vg2, undervisning i støttefag og særskild tilrettelegging. Avdeling for kunst, design og arkitektur har høve til å nytte verkstadane i teknologibasen i samband med prosjektarbeid.


Etter samspelsfase er denne basen endra mest i forhold til opphøveleg tilbod frå entreprenør.

Base 4, Kroppsøvningsbasen (plan 1 og 2):

Plan 1:



Plan 2:




Undervisning i kroppsøving omfattar nye Førde vgs inkl. avdelinga på Mo. Ein har tidlegare nytta to store idrettshallar i Førdehuset, men får no ein idrettshall (fleirbrukshall plan 1) og fleire mindre aktivitetssalar (plan 2). Dette er i tråd med læreplanane i faget som ønskjer å ha meir variasjon og mangfald i undervisninga. Skulen ynskjer å vidareføre programfag for breiddeidrett og tilrettelegging for toppidrett.

Både idrettshallen og den store aktivitetssalen er og tenkt brukt som skulen si «storstove», der ein kan samle alle eller ei større gruppe elevar til ulike arrangement og eksamen.

Med ei slik løysing med oppdeling i fleire salar, har skulen ein større fleksibilitet til samtidig bruk, for eksempel gjennomføring av eksamen samtidig med undervisning kroppsøving.

For å oppfylle krav i spelemiddelordninga skal idrettshall og aktivitetssalar vere tilgjengeleg for lokale idrettslag og eigenorganisert aktivitet utanom skuletid. I tillegg er det tilrettelagd for tribunekapasitet opp til 1000 personar, men 445 av desse er førebels ein opsjon.

Tannklinikk



Arealet til ny tannhelseklinikk i Førde er løyst med ombygging og innarbeida i eksisterande bygg.

Det er lagt til grunn at Førde tannklinikk skal utvidast, då dagens klinikk ikkje stettar framtidig behov etter samlokalisering av klinikkane i området (Naustdal, Vassenden, Sande) Klinikken får ein auke i arealet i høve dagens leigeareal og vert dimensjonert med 11 behandlingsrom.

Økonomi

Det er gjort ei revidert kostnadsvurdering av prosjektet basert på justeringane i samspelfasen. I nært samarbeid har partane i denne fasen søkt å finne gode løysingar i samsvar med rammer i tidlegare budsjettvedtak. Dette har ført til nokre endringar og innsparingar.

Til dømes var kjøleløysinga frå starten av tenkt levert som ei intern løysing, men vi har i samspelsprosessen komme fram til at ei løysing med kjøling mot Førdefjorden Energi som vil vera ein betre og meir berekraftig løysing på sikt mellom anna med tanke på driftskostnader.

Ein større del av TIP vart i samspillsfase planlagt riven for å gje rom for ei meir arealeffektiv løysing. Dette arealet vart ma. nytta til å gje rom for å integrere areal til rettleiingstenesta. Dette var areal som opphavelig ikkje var med i rom- og funksjonsprogrammet.

I innsparingsrunden vart ein og samde om å la ein del av tribunen med plass til 445 personar i idrettshallen bli ein opsjon (kostnad 1,5 mil kr eks mva). Vi kan sannsynlegvis gjere avrop på denne opsjonen dersom det ikkje oppstår andre og uventa kostnader i fyrste del av prosjektet med grunnforhold og liknande.

Budsjettet tek omsyn til usikkerheit i byggearbeida og prisstigning fram til no. Ramma er kalkulert i 2021 kr.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse og løyvinga for Indre Øyrane utbyggingsavtale. Detaljprosjektering og bygging er lagt inn i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 (FT vedtak sak 137/2020).

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Forprosjekt for ny vidaregåande skule i Førde viser ein samla prosjektkostnad på 816,3 mill. kroner inkl. mva. (2021 kroner). Fylkeskommunen tek med dette på seg denne investeringskostnaden fordelt slik det er framlagt og vedteke i budsjett-/økonomiplan. 43 mill. kr var innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2020 og er påløpt, medan restkostnaden på 773,3 mill. kr. er lagt inn i vedteke investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2021-2024.

Klima:

Dei nye bygga ved skulen skal byggast med overvekt av tre i bærande konstruksjonar og med passivhus-standard. Varme- og kjøling er kopla mot Førdefjorden Energi sitt sentralsystem og skulen får solcelleanlegg for supplerande straumproduksjon.

Folkehelse:

Nybygg og rehabilitering vil føre til betre inneklima, prosjektet legg opp til sosiale møteplassar, trygge læringsareal og eit utvida tilbod for lokalsamfunnet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Skulen er sentralt plassert i eksisterande skuleklynge i Førde sentrum. Funksjonar som td. auditorium og idrettshall vil gi styrking av attraktivitet for området og bruk ut over vanleg skuletid. I tillegg legg prosjektet til rette for intensjonane til Førde sentrum i høve tilrettelegging for gåande og syklande.

Konklusjon

Nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde samlar dagens to vidaregåande skuler i Førde på ein stad. Rom- og funksjonsprogrammet er tidlegare vedteke og det er gjennomført ein pris- og designkonkurranse der firmaet Consto Bergen as vann. Konkurranseutkastet er vidareutvikla i samspelsfasen i godt samarbeid med entreprenør og skulen sine representantar til eit komplett forprosjekt.

Samanslåinga krev samordning av mange områder og dei involverte skulane er klare til å starte det administrative arbeidet med å bygge ein felles skule.

Det blir tinga fram ein endeleg utbyggingsavtale med Sunnfjord kommune der fylkeskommunen skal betale anleggsbidrag. Tingingane er i sluttfasen.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget vedtek byggestart og utbyggingsavtale slik det går fram av saksframlegget.